

# Kartlegging av naturmangfold

Vedlegg til

Områderegulering for

Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnefjorden kommune



Nasjonal arealplan id: 20170100

Datert 03.02.2020

## Innhald

1	Bakgrunn .....	2
2	Kjente registreringar og forhold .....	2
2.1	Topografi, geologi og grunnforhold .....	2
2.2	Naturressursar og vegetasjon .....	2
2.3	Naturmangfald .....	4
3	Registreringar ved synfaring .....	5
3.1	Skildring av delområde .....	5
3.2	Registreringar av eiketre .....	10
4	Vurdering og tilråding .....	14

<b>Prosjekt:</b> Bjørnafjorden Panorama	Rapportdato:
<b>Plannamn:</b> Områderegulering for Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnafjorden kommune	<b>Plannr.</b> 20170100
<b>Rapporttittel:</b> Kartlegging av naturmangfald	
<b>Fylke:</b> Vestland	<b>Kommune:</b> Bjørnafjorden
<b>Stad:</b> Hauge, aust for Osøyro	
<p><b>Samandrag:</b></p> <p>Landskapet i området ber preg av identitet frå eldre kulturlandskap og å vere nytta som landbruksområde. Store deler av planområdet er enten utbygde område, innmarksareal (beite/gras) eller skogsområde som i hovudsak er lauvskog med særskilt høg bonitet.</p> <p>Det er ikkje registrert arealområde med naturtypar eller verna naturområde i eller nær planområdet. Men det er fleire punktregistreringar med artar av nasjonal interesse og utvalde naturtypar både innanfor og nær planområdet. Kartfesta i nasjonale databasar er registreringar innanfor planområdet er hol eik, makrell terne, gulspurv og Coleophora sylvaticella (møll).</p> <p>Etter synfaring er planområdet delt inn i 13 naturlege delområde som er skildra. Området i heilskap og dei fleste delområda har noko verdi for naturmangfald, ut frå at det er areala er funksjonsområde for vanlege artar i distriktet. I registreringsarbeidet er det nokre delområde og registreringar som kan framhevast til å ha større lokal betydning enn andre, og desse er vurdert til å ha middels verdi (delområde 1, 4, 7 og 8). Det er registrert fleire eiker i område, der nokre av desse er definert som utvalt naturtype hol eik, desse er vurdert til å ha stor verdi.</p> <p>Ut frå kartleggingsarbeidet vil ein tilrå at vegetasjon innanfor delområde 1, 4, 7 og 8, samt større eike og andre eldellauvtre bør så langt det er mogleg sikrast mot nedbygging og andre typar inngrep.</p> <p>Andre relevante forhold og tiltak for vidare planlegging:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle terrenginngrep bør utførast og avsluttast på ein skånsam måte, slik at lokalt biologisk mangfald vert godt ivareteke.</li> <li>- Inngrepsområde bør revegeterast med stadlege massar og røter. Og grøntområde bør opparbeidast for å redusere inntrykket av utbygginga etter ferdig anleggsarbeid for kvar enkelt utbyggingsområde.</li> <li>- Det bør gjennomførast tiltak for å hindre spreiding av framande artar frå hagar i området.</li> <li>- Grøntområde har ein verdi i seg sjølv som grønne lunger for naturleg leik eller opplevingar. Ein kan vurdere å nytte grøntområda til naturleikeplassar og/eller område med gangveg/snarveg mellom utbyggingsområde.</li> </ul>	
Oppdragsgjevar: Bjørnafjorden kommune	Forfattar: Turid Verdal

## 1 Bakgrunn

Til oppstart av og ved tilbakemeldingar i planforum for områdeplanen på Hauge vart det presisert at naturmangfald i området må undersøkast. Og at dette vert vidare nytta i samband med planlegging av området, og særleg knytt opp mot grønne strukturar. Desse forholda er også knytt opp til kulturlandskapet, og heilskapleg planlegging kring desse områda.


## 2 Kjente registreringar og forhold

### 2.1 Topografi, geologi og grunnforhold

Landskapet i området ber preg av identitet frå eldre kulturlandskap og å vere nytta som landbruksområde. Topografien i planområdet ligg for det meste på ei samanhengande høgde medan delar av området (Døsvikhagen) strekk seg ned mot sjø. Store deler av planområdet vender mot sør/søraust.


Berggrunnen i øvre del planområdet er i NGU's berggrunnskart kvartsaugogneis, omdanna trondhemitt, lokalt omdanna tonalitt til kvartsdioritt. Nedre del er metabasalt, til dels omdanna putelava, basaltiske gangar og gangkompleks, gabbro, dioritt og enkelte kiselsteinslinser.

Nedre del av planområdet er innanfor marin grense og området består av morenemassar i ulike tjukklag. Heile planområdet består at tynn eller tykk morenemassar. Store deler av området er jorddekt, medan det er mindre delområde som er grunnlendt.




### 2.2 Naturressursar og vegetasjon

Store deler av planområdet er enten utbygde område, innmarksareal eller skogsområde. Naturressursane i området knyt seg primært til jordbruk og fulldyrka mark. I hovudsak vert innmarka i området nytta til beite eller grasproduksjon. Skogsområda er stort sett lauvskog i område med sær høg bonitet. Noko som treslaga som ein finn i området reflekterer.



*Bonitetskart fra Ar5 kart.*



*Treslag registrert i Ar5 kart.*


## 2.3 Naturmangfold

Det er ikkje registrert areal med naturtypar eller verna naturområde i eller nær planområdet. Men det er fleire punktregistreringar med artar av nasjonal interesse og utvalde naturtypar både innanfor og nær planområdet. Registreringane innanfor planområdet er:

- Fire registreringar av hol eik som er ein utvalt naturtype. Lyse grønne punkt i kart under. Verdivurdering av alle desse fire trea er verdi C, lokal verdi.

Hol eik vert definert som utvalt naturtype dersom følgjande er oppfylt: *Eiketre som har ein diameter på min. 63 cm eller omkrets på min. 2m i brysthøgde, sjølv om treet ikkje er synleg hol. For eiketre som er synleg holer skal dei ha eit indre holrom større en opninga og der opninga er større enn 5cm og ein stamme på min 30 cm diameter eller 95 cm omkrets.*

- Artar av nasjonal interesse vist med mørke grønne punkt i kartet under:
  1. Makrellterne i sjøområdet sør for Solstrand (rødlista som sterkt trua). Registreringa er frå 2017.
  2. Gulspurv midt i bustadområdet (rødlista som nær trua art). Registreringa er frå 2008. Arten er særleg vanleg i jordbruks- og kulturlandskap i heile Noreg. Gulspurv er i hekketida mest knytt til kantsoner og i område med småskala vekslande ope mark for søk etter mat og tett vegetasjon for hekking og beskyttelse.
  3. *Coleophora sylvaticella*, er ein type møll, registrert midt i bustadområdet (rødlista som sårbar art). Registreringa er frå 1977. Arten er særleg knytt opp til vertsplantar i frytleslekta. Bustadområdet er utvikla etter 1977 og synfaring i området viser at det er lite grunnlag for vertsplantane i dag.



Registreringar i naturbase.no.

### 3 Registreringar ved synfaring

#### 3.1 Skildring av delområde

Etter synfaring er planområdet delt inn i naturlege delområde med utgangspunkt i registreringane og samanheng i området.



1. Naturområde i søraust. Området ligg tett på eksisterande bustadhus og Solstrand. Frodig lauvskog med m.a. eik, osp, hassel, spisslønn, kristtorn, bøk og rododendron. Rikt fugleliv ved synfaringa. Det er gjennomgåande ope bekk i området. Fuktig klima ved bekken. Fleire større tre i området, m.a. tre større eike tre.



2. Dels natur- og hageområde med større lauvtre. Det er registrert ei hol eik tett på eksisterande bustadhus.

3. Hageområde med bjørkeale og større spisslønntre. Ope område med grasplen.



4. Sørhelling i overkant av Solstrand. Fleire frittstående større tre langs kanten av m.a. bøk, bjørk, osp og spisslønn. Registrert eitt eldre eiketree i øvre del av området.



5. Kantvegetasjon langs veg i vest, innmarksbeite i midtre del og meir skogkledd areal i aust. I området er det ask, hassel, spisslønn og hassel. Areala ligg tett opp til eksisterande bustadar og hagar.

6. Kantvegetasjon/skjerm mot innmarksareal. I søraust står det eit mellom stort eiketree og ei større ask. Eika er under 200cm i diameter og har ikkje synlege hol. Området består av buskvegetasjon og mindre tre, i all hovudsak lauvtre med m.a. bjørk, eik, rogn, ask.



7. Parkprega og hageområde ved sjøfronten. Fleire store tre av m.a. bøk, ask, spisslønn, bjørk, hengebjørk. Etablert ale opp til bustadhus av spisslønn/hestekastanje. Ganske ope botnsjikt, stiar/parkmessig opparbeida område. Området vert skjøtta.



8. Naturområde i sørvest. Lauvskog med m.a. bøk, eik, ask, spisslønn, bjørk, rogn, svartor, furu og hassel. Enkeltstående bartre i vestre del, fleire furutre i vest. Tett bladkrone og lite vegetasjon på skogbotn. Blanding av eldre og yngre tre (kratt). I kant med innmarksareal er vegetasjonen meir ope.





9. Øyer med tre/kratt i innmarksområde. Øyene er tett vegetasjonskledd med artar som furu, grantre, rogn, spisslønn og ask. Yngre vegetasjon.



10. Natur/beiteområde midt i planområdet. Blanding av ung skog og nokre enkeltstående større tre i midtre del av området (areala ved tidlegare anleggsveg). I området finn ein m.a. hassel, bøk, spisslønn, gråor, rogn, kristtorn, einer, hegg og ask. I område som ikkje er skogkledd (mot nordaust og langs anleggsveg) dominerer geitrams, burot, ulike grastypar og bregne. Det var eit enkelt ståande eiketre søraust i området med mindre enn 30cm diameter (ovanfor nytt leilegheitsprosjekt) og ein enkelt ståande liten barlind midt i området. Områda har vore nytta som beiteland, og deler av areala er noko bløtt. Delområde grenser til innmarksområde i sør og aust.



11. Naturområde med veg/parkering og innmark på alle kantar. Lauvskog med blanding av eldre og yngre treslag som spisslønn, ask, bjørk og rogn.



12. Naturområde med parkering og busetnad i kring seg. Blandingskog med furu, rogn og bjørk som dominerer.



13. Mindre naturområde med busetnad på alle kantar. Klynger med einer, spisslønn, hassel og rogn. Det vart registrert eit mindre eiketre med diameter under 20cm. Ope i områda kring klyngene med tre.



### 3.2 Registreringar av eiketre

På synfaring er det registrert eiketre og sjekka ut om dei kjem inn under definisjonen naturtype hol eiketre. Under er registreringane skildra. I tillegg til desse er det observert 2 små eiketre.



1) Søraust i planområdet, 3 eiketre .

a) Eiketre i søraust. 2-delt stamme med kvar 165 og 175 cm diameter. Ingen av tre har syngleg hol.



b) Eiketre som er registrert i naturbasen med diameter 230 cm. Definert som utvalt naturtype, hol eiketre.



c) Eiketre like nord for b). Diameter under 200cm og ikkje hol.



---

2) Eiketre som er registrert i naturbasen med diameter 230 cm. Definert som utvalt naturtype, hol eiketre.

3) I den sørvendte lia ovanfor Solstrand. Tydeleg hol eik over 95cm i diameter. Ikkje registrert i naturbasen.



---

4) Eiketre ved Bjørnefjorden gjestetun. Treet er registrert i naturbasen med diameter over 200 cm. Definert som utvalt naturtype, hol eiketre.

5) Eiketre som er registrert i naturbasen med diameter over 200 cm. Definert som utvalt naturtype, hol eiketre.

Like vest for dette står eit eiketre med under 200 cm i diameter og ikkje hol.



6) Registrert to eiketre ved sjøfronten vest for Solstrand

a) Eiketre med diameter ca. 285 cm, ikkje synlege hol, men oppsprukke bark/stamme




b) Eiketre med diameter ca. 225 cm, ingen tydelege hol, men oppsprukke bark/stamme



7) Sørvestleg del av planområdet, 3 stk.

a og b) Begge eiketre med ein diameter på ca. 255cm. Ikkje synlege hol, men oppsprukke bark/stamme.



c) Eiketre med diameter på ca. 130cm, ikkje synlege hol. Mosebelagt stamme.



## 4 Vurdering og tilråding


Planområdet har variert struktur og omfattar areal som er sterkt nedbygde område, bustadar med hagar, parkområde, innmarksareal, samt skogsteigar. Det er få større skogsområde innanfor planområdet, samstundes som det er enkeltstående tre/område med kratt som fungerer som grønt korridorar for lokalt naturmangfald.

Området i heilskap har noko verdi for naturmangfald, ut frå at det er areala er funksjonsområde for vanlege artar i distriktet. I registreringsarbeidet er det nokre delområde og registreringar som kan framhevast til å ha større lokal betydning enn andre, og desse er vurdert til å ha middels verdi. Dette ut frå at områda har større verdi som økologisk funksjonsområde for naturmangfald. Ut frå kartleggingsarbeidet vil ein tilrå at vegetasjon innanfor delområde 1, 4, 7 og 8 bør så langt det er mogleg sikrast mot nedbygging og andre typar inngrep, sjå kart under. Desse delområda utgjer kvar for seg lokale verdiar ref. skildring ovanfor, samt har ei utstrekning som skapar korridorar for lokalt mangfald. Det er registrert hol eik innanfor kvart av delfelta, saman med andre større lauvtre. Område 1 og 8 peikar seg ut som naturlege skogsområde, medan 4 og 7 er meir kultiverte naturområde/park.




*Utvalde delområde der vegetasjon bør så langt det er mogleg sikrast mot nedbygging og andre typar inngrep.*

Det er registrert fleire eiker i område, der nokre av desse er definert som utvalt naturtype hol eik, desse er vurdert til å ha stor verdi. Desse bør så langt det er mogleg sikrast mot nedbygging. Trea bør også sikrast mot andre typar tiltak som vil kunne skade treet og rotsystemet. Gravearbeid i nærleiken av trea bør skje utanfor krona si «dryppson» og minst 5m frå stammen. Dersom det skal gjennomførast bygnings- og anleggsarbeid i nærleiken av trea bør treet gjerast inne medan arbeidet pågår, og ev. ved behov beskyttast med skjermande materiale.



Temakart frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus og Miljødirektoratet om Hule eiker.



Verdikart naturmangfald.

Det er få avbøtande tiltak som kan gjennomførast utover å ta omsyn til registreringane ved å ikkje bygge dei ned eller for tett på. Andre relevante forhold og tiltak for vidare planlegging:

- Større eiketre og andre større/eldre edellauvtre bør takast omsyn til i vidare planlegging.
- Alle terrenngrep bør utførast og avsluttast på ein skånsam måte, slik at lokalt biologisk mangfald vert godt ivareteke.
- Inngrepsområde bør revegeterast med stadlege massar og røter. Og grøntområde bør opparbeidast for å redusere inntrykket av utbygginga etter ferdig anleggsarbeid for kvar enkelt utbyggingsområde.
- Det bør gjennomførast tiltak for å hindre spreining av framande artar frå hagar i området.
- Grøntområde har ein verdi i seg sjølv som grønne lunger for naturleg lek eller opplevingar. Ein kan vurdere å nytte grøntområda til naturleikeplassar og/eller område med gangveggar/snarveggar mellom utbyggingsområde.